



OSTERØY KOMMUNE
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Orgnr 864338712

Dokumenttilsyn - krav om opplysningar - OSTERØY KOMMUNE | 864338712

Dette er eit tilsyn som inneber at verksemda skal senda inn opplysningar til Arbeidstilsynet.

Arbeidstilsynet fører tilsyn med at verksemdene følger krava i arbeidsmiljøregelverket. Viss de ikkje har dei opplysningane vi etterspør, så gi oss skriftleg tilbakemelding om dette.

Hensikten med tilsynet

Muskel- og skjelettplager og psykiske plager er alvorlege utfordringar i norsk arbeidsliv. arbeidstakarar i di næring er særleg utsett for slike plager. Hensikta med tilsynet er å kontrollere korleis de jobbar systematisk førebyggjande for å unngå at arbeidstakarane får arbeidsrelaterte muskel- og skjelettplager og psykiske plager.

Med tilsyn meinast i denne samanheng innsending av dokumentasjon til Arbeidstilsynet. Innsendt dokumentasjon kan følgast opp med et ordinært fysisk tilsyn ved et seinare tidspunkt.

Vi treng opplysningar

#1 Krav om opplysningar

Kravet gjeld verksemda(ne)

OSTERØY KOMMUNE GEITERYGGEN/REIGSTAD | orgnr 930381152

Vi ber om å få tilsendt desse opplysningane innan **27.10.2023**

- Oversikt over organisering i verksemda; korleis ansvar, oppgåver og mynde er fordelt med omsyn til HMS-arbeidet
- Dokumentasjon på val av verneombod
- Dokumentasjon på at verneombod har gjennomført obligatorisk HMS-opplæring
- Dokumentasjon på at arbeidsgivar har gjennomført HMS - opplæring for leiarar



- Siste gjennomførte kartlegging og risikovurdering av forhold i arbeidet som kan gje muskel- og skjelettplager og psykiske plager med tilhøyrande tiltaksplan
- Beskriving av korleis arbeidstakarane og deira representantar har medverka i kartlegging, risikovurdering og utarbeiding av tiltak
- Dokumentasjon på resultatet av verksemda si eigen gjennomgang når det gjeld eventuelle brot på arbeidsmiljølova, kapitel 10 - arbeidstid. Dette skal omfatte tilsette sitt overtidsarbeid og kviletid. Gjennomgang skal omfatte perioden 01.05-30.09.2023.
- Beskriving av om det er komen inn melding om avvik i 2023 som gjeld arbeidstid og korleis leiinga har fylgt opp desse.
- Beskriving av tilsette sitt sjukefråvær dei siste seks månadene (long og korttidsfråvær) og om noko av dette er oppgitt til å vere arbeidsrelatert.
- Kopi av avtale om tilknytning til godkjent bedriftshelseteneste
- Kopi av plan for bedriftshelsetenesta sin bistand i verksemda

Arbeidstilsynet har heimel i arbeidsmiljøloven § 18-5 første ledd til å krevje desse opplysningane.

Vidare oppfølging

Det er dei opplysningane de sender inn, som dannar grunnlaget for den vidare oppfølginga. Arbeidstilsynet har rett til å gi pålegg og gjere andre enkeltvedtak på bakgrunn av dei opplysningane vi får inn, jf. arbeidsmiljølova § 18-6.

De kan klage

Dersom de meiner at de ikkje har plikt eller lov til å gi oss dei opplysningane vi ber om, kan de likevel klage, jf. forvaltningsloven § 14. Klagefristen er tre dagar etter at de har fått dette brevet. For nærmare opplysningar om klageinstans og fremgangsmåte, sjå www.arbeidstilsynet.no/klage.

Send dokument eller kommentarar via eDialog

Bruk eDialog viss de skal sende oss dokumentasjon digitalt eller for å svare på dette brevet. Hugs å oppgje referansenummer 2023/50410. Les meir om eDialog på www.arbeidstilsynet.no/kontakt-oss/post/.

Gi informasjonen vidare til verneombodet

Verneombodet skal gjerast kjent med vedtak frå Arbeidstilsynet (arbeidsmiljølova § 18-6 (8)). Vi ber derfor om at du som arbeidsgivar gir ein kopi av dette brevet til verneombodet. Dersom de ikkje har verneombod, skal du gi kopien til representanten for dei tilsette.

Meir informasjon?

De finn informasjon om gongen i eit tilsyn og reaksjonane vi kan gi, på arbeidstilsynet.no/om-oss/tilsyn/.



Med helsing
Arbeidstilsynet

Harald Gran, for
Guro Fykse
seksjonsleiar

Evy Dale
seniorinspektør

Dette brevet er elektronisk signert.

Kopi til:

OSTERØY KOMMUNE GEITERYGGEN/REIGSTAD, Rådhuset Postboks 1, 5282 LONEVÅG

OSTERØY KOMMUNE GEITERYGGEN/REIGSTAD Att.: Verneombod, Rådhuset Postboks 1, 5282 LONEVÅG

OSTERØY KOMMUNE HELSE- OG OMSORGSTENESTA, 5282 LONEVÅG